



Klepp kommune  
Postboks 25  
4358 Kleppe

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Motsegn - offentlig ettersyn av detaljplan 3480 utviding Q-meieriet ved Øksnevadkrossen

**Føreslått plan har høgt konfliktnivå med nasjonale jordverninteresser og er i strid med Regionalplan Jæren. Planforslaget bryt langsiktig grense landbruk og omdisponerer 13,5 dekar jordbruksjord.**

**Q-meieriene AS er ei verksemd basert på den viktigaste volumproduksjonen i landbruket, mjølkeproduksjonen. Dette er vektlagt av oss på linje med om vi hadde ein annan stor foredlingsaktør basert på lokale råstoff.**

**Fylkesmannen fremmer motsegn til planen slik den ligg føre nå. Vi utfordrar Klepp kommune til å kompensere brot på langsiktig grense landbruk gjennom tilbakeføring av areal i andre aktuelle område likt det omfang som planforslaget omdisponerer i kjerneområde landbruk.**

Vi viser til sak motteken til offentlig ettersyn datert 20.06.14. Fylkesmannen viser vidare til dialog- og informasjonsmøte som blei gjennomført om saka 20.06.14. I møte deltok:

Peter Willmann fagansvarleg arealplan	Klepp kommune
Bent Myrdal adm. dir.	Q-meieriene AS
Sjur Fitje fabrikk sjef Øksnevad	Q-meieriene AS, avd. Jæren Gårdsmeieri
Aksel Kverneland teknisk sjef	Q-meieriene AS, avd. Jæren Gårdsmeieri
Hadle Nevøy landbruksdirektør	Fylkesmannen i Rogaland
Dagfinn Hatløy seniorrådgivar arealforvaltning	Fylkesmannen i Rogaland

Q-meieriene og Klepp kommune hadde bedt om dette møtet.

## Vurdering

Q-meieriene AS, avd. Jæren Gårdsmeieri, har sidan etableringa i Rogaland halde til på denne staden. Dei har utvikla verksemda gjennom god utnytting av eiga tomt og gjennom leige av plass på naboeigedomar. Q-meieriene er framleis i god vekst og har behov for større areal til framtidig produksjon. Meieriet har planar om utviding som vil kunne meir enn dubla dagens produksjon.

Utsende planforslag utfordrar varige arealbruksavklaringar som er gjort for området. Planforslaget bryt Regionalplan Jæren og kommuneplan Klepp si langsiktige grense landbruk mellom byggeområde og LNF-område i nordvest. Føreslåtte byggeområde går inn i kjerneområde landbruk med jordbruksområde av nasjonal verdi. Langsiktige grense landbruk og kjerneområde landbruk er varige arealbruksavklaringar som skal gi føreseielege vilkår og prioritet for landbruksnæring i området.

Det er sidan 2001, i nokre få tilfelle, opna for marginale justeringar av langsiktige grense landbruk, for eksempel for å få til ei betre totalløysing for tilkomst eller betre arrondering av byggeområde og LNF-område. Den klare føresetnaden i slike saker har vore vilkår om bytte av areal for å sikre ei totalløysing med like mykje areal tilbake til varig landbruk og LNF-område.

Planforslaget i denne saka skil seg i omfang frå alle andre saker der langsiktige grense landbruk har blitt justert.

Fylkesmannen, fylkeskommunen og Jærkommunane har eit regionalt og nasjonalt ansvar for at langsiktig grense landbruk i Regionalplan Jæren og i kommuneplanar blir respektert og ikkje endra. Ein slik praksis må gjelde i forhold til alle aktørar og verksemder, inkludert landbrukstilknytt industri.

Q-meieriene er ei verksemd som er basert på den viktigaste volumproduksjonen i landbruket, mjølkeproduksjonen. Dette kan tilleggast vekt i saka. Frå vår side er dette vektlagd i saka på linje med om vi hadde ein annan stor foredlingsaktør basert på lokale råstoff.

Føreslått plan har eit høgt konfliktnivå med nasjonale jordverninteresser og er i strid med Regionalplan Jæren. Planforslaget bryt langsiktig grense landbruk og omdisponerer 13,5 dekar jordbruksjord. Dette gir 11 dekar netto nytt næringsområde.

Med bakgrunn i dette fremmar Fylkesmannen **motsegn** til planen slik den nå føreligg. Klepp kommune har som planmyndigheit hovudansvaret for at den overordna arealavklaringa som er gjort gjennom fastsetting av langsiktig grense landbruk blir følgt opp. Fylkesmannen forstår at dette er ei særskilt krevjande oppgåve i Klepp kommune, der 2/3 av samla landareal er fulldyrka jord, og handlingsrommet for alternative løysingar av den grunn sterkt avgrensa. Vi må likevel utfordre kommunen til å kompensere brot på langsiktig grense landbruk gjennom tilbakeføring av areal i andre aktuelle område likt det omfang som planforslaget omdisponerer i kjerneområde landbruk. Det kan vere i området Øksnevadkrossen, Klepp stasjon eller andre område i kommunen. Revisjonsarbeidet med kommuneplan Klepp vil kunne handtere dette. Vi ber Klepp kommune komme med tilbakemelding på dette.

## Andre tema

Ny kryssløysing (rundkøyring) for kryss Fv 261 Engelsvollvegen og Fv 253 Øksnevadvegen har vore på offentleg ettersyn i 2012. Denne planen viste ei akseptabel løysing utan omlegging av Engelsvollvegen.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa  
fylkesmann

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Dagfinn Hatløy  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 79  
E-post: fmrodha@fylkesmannen.no

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune, Regionalutviklingsavdelingen  
Statens Vegvesen, avd. Stavanger  
Norconsult AS

Sentrum Postboks 130  
Postboks 8074  
postboks 130

4001  
4068  
4065

Stavanger  
Stavanger  
STAVANGER